




Luster kommune



Ruspolitisk handlingsplan 2016 - 2019

Handsama:

2
0
1
6



Vedteken i kommunestyret
22.09.16, sak 53/16

Samandrag.

Ruspolitisk handlingsplan 2015-2019 byggjer i stor grad på førre plan. Status for rusfeltet i kommunen er at vi har misbruk av alkohol og narkotiske stoff, men rusgranskninga i Sogn (2015) viser at rusbruken i Sogn ligg under gjennomsnittet nasjonalt.

I forslag til ny handlingsplan har vi spissa målsetninga og lagt særskilt vekt på førebyggjande arbeid retta mot ungdom. Vidare er handlingsplanen vorten meir tydeleg på kven som har ansvar for dei ulike aktivitetane. Det vil gjera det lettare å følgje opp at aktivitetar vert gjennomført.

Det blir nytta store ressursar frå kommunen si side både i høve til førebygging og rehabilitering. Det har under arbeidet med planen vorte avdekka at det er behov - og ynskje for - sterkare samordning av innsatsen frå dei ulike fagetatar i kommunen og NAV. Sjølv om det i dag er møtepunkt med samhandling vil komiteen tilrå at rådmannen set i gang ein prosess der ein sikrar betre koordinering av tenestane innafor rusfeltet.

Det er frå 2016 stilt nye og strengare krav til kontrollørar og kontroll av skjenkestader. Med dette som bakgrunn er det i alkohollova opna for at kommunen kan gje løyve for periodar inntil 4 år utan at verksemdene må søke om fornying. Komiteen vil tilrå at generelle sals- og skjenkeløyve blir gitt for 4 nye år utan søknad, men at det vert gjennomført vandelskontrollar i løpet av heile fireårsperioden. Dersom vandelskontrollar for sentrale personar i verksemdene ikkje fyller vilkåra for å ha løyve, må kommunen iverksetje sak om inndraging av løyve.

Dagens praksis med løyve til skjenking av alkohol i kommunale bygg har som ein konsekvens at vi ikkje likestiller ulike bygder/ arrangement. Det er viktig at vi i kommunen greier å oppretthalde sosiale møteplassar og komiteen tilrå difor at det generelt kan tildelast løyve etter søknad til Rådmann. Løyve kan Rådmannen gje kun ved spesielle høve som årsmålsdagar, bygdefestar/ arrangement retta mot ålmenta. Lag og organisasjonar kan i dag få skjenking ved lukka lag eller ved at det blir leigd inn eksterne som har løyve til skjenking. Lukka lag er i samsvar med definisjon i alkohollova svært strengt. Ved å bruke eksterne aktørar som har løyve til skjenking, vil det ofte ha ei økonomisk side som medføre at tenkte arrangement ikkje blir gjennomført. Ein tilrå difor eit tredje alternativ der lag og organisasjonar kan få tildelt løyve til skjenking av einskildarrangement under føresetnad av at dei stettar formelle krav til skjenkestyrar og godkjente vakter.

Når det gjeld sal- og skjenketider for Luster er det i planen ein vidareføring av dagens praksis.

16. juni sende kommunestyret planen attende til komiteen etter drøftingar i kommunestyremøtet.

Komiteen har drøfta innspela frå kommunestyret og har gjort suppleringar i planen. I tillegg har komiteen kome med nye konkrete framlegg.

Det har kome nye avsnitt under kapittel 2 om narkotika, dop og akan. Her er status omtala og framlegg. I kapittel 4 føresler komiteen fleire målsetjingar, slik kommunestyret etterspurde. Tiltaksplanen har også nokre suppleringar.

Komiteen har vurdert framlegg i kommunestyret om auka straff frå 1 veke til 1 mnd når ei verksemd har fått 12 prikkar.

Alkoholforskrifta kap 10 har reglane om prikktildeling og straff. §10-2 fastset straff til ei veke. «Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12

prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.» Kommunen kan ikkje fastsetje at straffa skal vere ein mnd. Kommunen tildelar prikkar, som seinare fastset straffa. Det er elles å merke seg at alkohollova § 1-8 har reglar om inndraging av løyve for resten av løyveperioden eller for ei kortare tid dersom vilkår i høve til vandel ikkje lenger er oppfylt. Det er såleis ikkje berre prikkssystem som regulerer sanksjonsreglar, sjå også 3.10 og 3.11 her i planen.

Framlegg til vedtak:

1. Ruspolitisk handlingsplan for 2016 – 2019 vert vedteken som framlagt.
2. Rådmannen vert oppmoda om å arbeida ut ein plan for å sikra betre koordinering av tenestene innafor rusfeltet. Arbeidet skal gjerast gjennom ei gruppe med deltakarar frå dei aktuelle fagområda inkludert NAV.
3. Lag og organisasjonar kan få tildelt løyve til skjenking ved einskildarrangement, føresett at dei stettar dei formelle krava til skjenkestyrar og godkjende vakter.
4. Endra regelverk for fornying av sals- og skjenkeløyve:
Med grunnlag i Ruspolitisk handlingsplan, vert sals- og skjenkeløyve for verksemdar som har generelt løyve i Luster kommune, *ikkje* opphøyrte frå 31. mars 2016.
Løyva vil gjelda vidare for perioden 31. mars 2016 til 31. september 2020.
Kommunen skal føreta løpande vandelskontroll, minst ein gong pr. år.
5. For å møte framtidige utfordringar i høve til narkotika og doping, må dette området få auka fokus i høve til det holdningsskapande og førebyggjande arbeidet i kommunen.

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing	6
1.1. Lovgiving.....	6
1.2. Arbeid med planen	6
1.3. Nasjonale mål/retningslinjer	7
1.3.1. Regjeringa sin handlingsplan innan Rus og psykisk helse.....	7
1.3.2. Folkehelse.....	7
1.3.3. Helsedirektoratet si informasjonssatsing.....	7
1.3.4. Endringar i alkohollova frå 01.01.2016.	8
2. Arbeidet på rusfeltet/nosituasjonen i Luster	8
2.1. Organisering	8
2.2. Rusmiddelproblematikk i Luster.....	8
2.2.1. Narkotika (ny).....	8
2.2.2. Doping (ny)	9
2.2.3. AKAN (ny)	10
2.3. Verksemdar	11
2.4. Omsetjingstal.....	11
2.5. Folkehelseoversikt Luster kommune 2016 – 2020.....	11
2.6. Tverrfagleg samarbeid.....	12
2.6.1. Familieforum:	12
2.6.2. Samhandlingsgruppa/Koordinerande eining (SG/KE)	12
2.6.3. HSP møter:.....	13
2.6.4. SLT Politiråd Leikanger, Luster og Sogndal	13
2.6.5. Folkehelseråd	13
2.6.6. Foreldresamarbeid – tverrfagleg samarbeid skule.....	13
2.6.7. Ungdomskontrakt.....	14
2.6.8. OT- tenesta	14
2.7. Rusrelaterte førebyggingstiltak.....	14
2.7.1. Aktivitetstilbod	14
2.7.2. Ungdomskontakt	14
2.7.3. Luster danseverkstad	14
2.7.4. ME`N`U	15
2.7.5. Fritidsklubbar:.....	15
2.7.6. Regionalt nettverk for ungdomsarbeidarar.....	15
2.7.7. Nattuglene	15

2.7.8.	Ungdata	15
2.7.9.	Transport for ungdom mellom 13.19 og busett i Luster.	16
2.7.10.	Vaktverksemd ved festførestellingar:	16
2.7.11.	Frivillige organisasjonar:.....	16
2.8.	Tiltak grunnskule	16
2.8.1.	Læreplanen.....	16
2.8.2.	Ungdomstrinnsatsinga Motivasjon og meistring for betre læring.(2013 – 2017).....	17
2.8.3.	Pals:	17
2.8.4.	Olweusprogrammet:	17
2.8.5.	Samarbeidspartar:.....	17
2.8.6.	Psykisk Helseteam/ Kommunepsykologen.....	17
2.9.	Tiltak helse.....	18
2.9.1.	Helsestasjonen/skulehelsetenesta.....	18
2.9.2.	Helsestasjon for ungdom.....	18
2.10.	Tiltak som politiet har relatert til rusførebygging	18
2.10.1.	Rusgranskinga gjennomført av politiet i 2015:.....	18
2.10.2.	Blås Grønt:	19
2.11.	Tiltak i høve rusmisbrukarar	19
2.11.1.	Behandling/oppfølging	19
2.11.2.	Psykisk helseteam.....	19
2.11.3.	Kommunepsykologen.....	20
2.11.4.	Ruskonsulenten.	20
2.11.5.	Erfaringskonsulent.....	21
2.11.6.	Helsestasjonen	21
2.11.7.	NAV.....	21
2.11.8.	Høve til å skaffe og behalde eigen bustad	22
2.11.9.	Økonomisk rådgeving og gjeldsrådgeving til vanskelegstilte.	23
2.11.10.	Politiet – «Bekymringssamtalen»:.....	23
2.11.11.	Sogn barnevern	23
2.11.12.	Handlingsplan i høve Lov om kommunale krisesentertilbod	23
3.	Alkoholova – sals- og skjenkeløyve for alkohol	24
3.1.	Sal av alkohol - Alkoholova § 3.	24
3.2.	Skjenking av alkohol	24
3.3.	Generelt løyve for servering av brennevin, vin og øl kan tildelast:.....	24
3.4.	Generelt løyve for servering av vin og øl kan tildelast:	24
3.5.	Ambulerande skjenkeløyve –alkoholova § 4-5:.....	24
3.6.	Løyve for ein enkelt bestemt anledning kan tildelast:	24
3.7.	Serverings- og drikkeforbod § 8-9: Alkoholservering utan løyve § 8-9 3. ledd.....	25

3.8.	Definisjon på "slutta lag"	25
3.9.	Definisjon på "offentlege» samfunns- og ungdomshus" Lokale der det er forbode å drikke eller servere alkohol utan løyve.	26
3.10.	Inndraging.....	26
3.11.	Sanksjonsreglement	26
3.12.	Sal- og skjenketider for Luster (jf. alkohollova § 3-7).....	27
3.13.	Kontroll.	27
3.14.	Gebyr.	28
3.15.	Prikktildelingssystem.	28
3.16.	Enklare regelverk for fornying av sals- og skjenkeløyve.....	28
4.	Rusfeltet i Luster kommune vidare framover. (2015 – 2019.)	29
4.1.	Tiltak førebygging.	30
4.2.	Interkommunalt/Tverrfagleg.....	32
4.3.	Behandling/Oppfølging.....	34
4.4.	Reglar for sal og skjenking av alkohol.....	35

1. Innleiing

1.1. Lovgiving

Lovgivinga set rårer for rusmiddelpolitikken, og kommunen er pålagt å løyse ei rekkje oppgåver etter ulike lover:

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.(alkoholoven)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov om barnevernstjenester
- Lov om vern mot smittsame sjukdommer
- Lov om psykisk helsevern
- Lov om folkehelsearbeid
- Lov om pasient- og brukerreteigheter
- Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova)
- Forskriftene for sal og skjenking av alkohol
- Forskrift om vaktvirksomhet (vaktvirksomhetsforskriften)

Alkoholova har slik føremåls paragraf, § 1-1:

”Reguleringa av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å avgrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere. Som et ledd i dette sikter loven på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.”

Forskrift for omsetning av alkohol § 2-1 seier vidare at sal og skjenking av alkoholhaldige drikkar skal gå føre seg på ein slik måte at skadeverknadene vert avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.

1.2. Arbeid med planen

Kommunen er pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan jf. alkoholova § 1-7d. Planen skal rullerast for kvar kommunestyreperiode, og skal no gjelda for perioden 2015 – 2019.

Kommunestyret valde i møte den 28.01.2016 ein komite for handsaming av planen.

Medlemer:

Per Steinar Sviggum, SP

Marianne Bugge, SP

Odd Atle Stegegjerde, AP

Elin Hauge, AP

Geir Arve Sandvik, H

Leiar: Per Steinar Sviggum

Aktuelle einingar vart kalla inn til «arbeidsmøta» for å få høve til å vera med i planprosessen. Desse har delteke:

Ruskonsulent Anniken Meisterplass, erfaringskonsulent Jonny Gjerde, skulepsykolog Olfert Øvrebø, folkehelsekoordinator Britt Veum Hauge, helsesøster Anne Helen Strandabø, lensmann Asle Karoliussen, Nav v/Hanne Bisgaard, rektor Kristin Vee. Sekretær :Karin Leirdal.

1.3. Nasjonale mål/retningslinjer

1.3.1. Regjeringa sin handlingsplan innan Rus og psykisk helse

Rus og psykisk helse er høgt prioriterte område. Det har vore eit mål og auke barn, unge og vaksne sin kunnskap om alkoholen sine skadeverknader og om effektive tiltak innan alkoholpolitikken. Gravide, foreldre, trafikantar og arbeidsgjevarar er døme på målgrupper i arbeidet.

I regjeringa sin opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020) er rus- og psykisk helse fortsatt eit satsingsområde. Tidlegare satsing med å oppnå ein tydeleg reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadane av rusmiddelbruk har gitt resultat, men det er store utfordringar som ikkje i tilstrekkeleg grad er møtt med konkrete tiltak og verkemiddel. Konkrete mål i planen handlar om sentrale område for levekår, som arbeid, økonomi, sosiale tilhøve, skule, utdanning, bustad, barnevern, ernæring og helse, samt omsorg. Planen inneheld ei rekke tiltak for å styrka brukaren sin innflytelse, møta dei pårørande sitt behov og skape ei teneste der hjelpa kjem tidleg inn.

Opptrappingsplanen er i hovudsak retta mot personar som er i ferd med å utvikle eit rusproblem (tidleg innsats.) Eit av måla er å sikra at personar som står i fare for å utvikla eit rusproblem skal fangast opp og hjelpast tidleg.

Dei to andre satsingsområda er dei som allereie har etablert eit rusproblem med behandling og ettervern/oppfølging. Dette m.a. med fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar, samt utvikla og auka bruken av alternative straffereaksjonar og gjennomføring av desse.

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar.

1.3.2. Folkehelse

Samhandlingsreforma - Ny folkehelselov

Folkehelsearbeidet handlar om alt frå kvalitet i barnehage og skule, gode bu- og nærmiljø, økonomisk tryggleik, arbeidssituasjon til ytre miljø og helsefremmande arealplanlegging. Godt folkehelsearbeid er god samfunnsplanlegging.

Gjennom samhandlingsreforma har kommunen fått eit større ansvar for å leggje til rette for eit framtidretta folkehelsearbeid på tvers av kommunen sin organisasjon. Alle avdelingar og einingar har derfor eit ansvar for å fremme folkehelsa og utjevne sosiale helseforskjellar.

Lov om Folkehelse gjev eit nytt fundament til å styrke eit systematisk folkehelsearbeid i politikk, samfunnsutvikling og planarbeid.

1.3.3. Helsedirektoratet si informasjonsatsing

Helsedirektoratet har bl.a. sidan 2004/2005 køyrt kampanjen "sette grenser" som er retta mot ungdom og deira foreldre.

Ei anna satsing har vore informasjon til alle til alle sals- og skjenkestadene i Norge.

Det er kommunane som har ansvar for forvaltning av alkohollova. Gjennom samhandlingsreforma (frå 2012) og ny folkehelselov har kommunane hatt som oppgåve å setja i verk naudsynte tiltak for å møta utfordringar på rusfeltet. Helsedirektoratet har, med sitt fag og mynde, ei sentral rolle i å rettleie og formidle ny kunnskap, og har utarbeida ei rekkje rettleiarar og retningslinjer. Kommunane blir oppmoda til å ta ein aktiv

rolle overfor utelivsbransjen med kurs, kontrollar, rettleiing og samarbeid. Det vil føre til auka forståing av regelverket og kommunen sin rolle. Målet er å redusere skjenking til mindreårige og personar som er openbart påverka av alkohol.

1.3.4. Endringar i alkohollova frå 01.01.2016.

Rundskriv 2015 frå Helsedirektoratet presiserer:

«Det blir drukke meir alkohol, og omfanget av alkoholskader og problem aukar med forbruket. Sjølv om løyveordningane bidreg til å redusere forbruk og skade, er det store utfordringar knytt til overskjenking og sal og skjenking til mindreårige. Bruken av reaksjonar er låg. Det har medført endringar i alkohollova frå 01.01.2016.

2. Arbeidet på rusfeltet/nosituasjonen i Luster.

2.1. Organisering

Luster kommune har eigne stillingsressursar. Arbeidet som desse utfører er særleg lagt vekt på i den nye ruspolitiske planen.

Ein har i tillegg tilsett ungdomskontakt i 50% stilling. Stillinga har som viktigaste oppgåve å samarbeide med lag og organisasjonar for å kunne tilby barn og unge attraktive rusfrie aktivitetar og møteplassar.

Stillingar innan rus og psykiatri pr. i dag:

Leiar psykisk helseteneste (psykiatrisk sjukepleiar)	100%
Psykiatrisk sjukepleiar	80%
Miljøterapeut/ruskonsulent	100%
Fagarbeidar (erfringskonsulent)	
rusomsorg (prosjektstilling 2016)	80%
Kommunepsykolog	100%
Psykiatrisk vernepleiar (vidareutdanning)	100% ferdig juni 2016.

2.2. Rusmiddelproblematikk i Luster

Det er registrert misbruk av alkohol, narkotika, medikament og kjemiske stoff i kommunen.

Det er ein kjend komorbiditet mellom rus og psykiatri. Det vil sei at mange med rusproblem og har psykiske lidningar som angst/depresjon, bipolar lidning, schizofreni, ADHD og personlegdomsproblematikk.

2.2.1. Narkotika (ny)

Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i Noreg som i resten av den vestlege verda.

Den europeiske skuleundersøkinga (ESPAD) syner at det i Noreg var ei klar auke frå 1995 til 1999 i andelen 15-16 åringar som har brukt cannabis, men at det så var ei jamn nedgang i dei tre neste spørjeundersøkingar 2003, 2004 og 2011.

I 1999 svarte 12% at dei har brukt cannabis nokon gonger, medan det i 2011 var gått ned til berre 5%. Frå 2011 og til 2015 har det vore ei auke til 7% som svarta at dei har brukt cannabis.

Heroin er kategorisert som det mest skadelege narkotiske stoffet på grunn av den høge dødsrisikoen. Med også andre opioider - naturlege/halvsyntetiske/reint syntetiske -

kan brukast hyppig og i dosar som forårsaka dødsfall , så vel som sosiale problem og helseskadar.

I Norge var det ein sterk auke i narkotikadødsfall gjennom heile 90 -talet. Talet på dødsfall relatert i narkotika ser ut til no å ha stabilisert seg på om lag 205 for året. (SIRIUS 2015)

Sogn og Fjordane:

I Sogn og Fjordane var det i 2015 registrert 169 narkotika og dopingsaker.

Antall narkotikabeslag i fylket (2015) fordeler seg slik:

Cannabis	100
Amfetamin/ metaamfetamin	34
Benzodiazoiner	34
Kokain/Heroin/MDMA/GHB	10

Luster:

Eksakt faktagrunnlag er ikkje mogeleg å framskaffe.

Har tal på saker som er etterforska ved Luster lensmannskontor:

Totalt 70 narkotikasaker og 1 dopsak i perioden 16.11.12 til 25.07.16.

4 saker 16.11.12 – 31.12.12
16 saker i 2013
34 saker i 2014
9 saker i 2015
7 saker fram til 25.07. i 2016.

Fleire saker kan tilhøyra andre lensmannskontor i distriktet.

Fleire av sakene er og "henlagt pga bevisets stilling", då ikkje bevist at det har vore noka narkotikasak.

Det har vore ein nedgang i tal saker i Sogn – som mellom anna heng saman med at politiet ikkje har hatt nok trykk/ressursar på dette. (SLT)

I enkelte miljø i Sogn er det registrert ei liberal holdning til bruk av hasj. Dette er ei sak som er teken opp i SLT og er sett fokus på.

Vi ser og ein gryande debatt frå ein del ungdomspolitikar som tek til ordet for ei meir liberal holdning til bruk av hasj.

Dette er bakteppe som er viktig å ha med seg i det førebyggjande arbeidet retta mot ungdom.

2.2.2. Doping (ny)

Bruk av dopingmidla har auka i ungdomsmiljøa i løpet av det siste tiåret.

Politisaker viser at produksjon , distribusjon og sal av dopingmidla også her i landet er ein del av den organiserte kriminaliteten.

Det er difor behov for å intensivera og løfte fram det førebyggjande antidopingarbeidet i samfunnet generelt og mellom dei unge spesielt.

Misbruk av dopingpreparat – spesielt anabole steroider – er ikkje lenger å finna kun hjå subkulturar på einskilde treningssentra, men eksistera på dei aller fleste treningssentera og er etablert i eit mangfald av sosiale miljø og kretsar.

Doping tilhøyrer ikkje berre idrettsarenaen.

Stadig fleire unge tyr til dopingmiddel som ein snarveg til å endre utsjånad og/eller sjølvbilde.

Mange kjem på denne måten også i kontakt med anna rus og kriminalitet.

Bruk av dopingpreparat vil kunne medføre alvorleg helsesisiko og skade.

Luster

Sjølv om vi ikkje har godt bilde av omfanget i Luster er det all grunn til at antidopingarbeid bør innarbeidas som ein del av det systematiske rusarbeidet.

Luster Treningssenter er sertifisert som «Rent Senter» som er ei sertifiseringsordning som Antidoping Norge står for. Det er eit førebyggjande antidopingprogram med fokus på kompetanseheving, informasjon og høve til dopingkontroll.

Som ein del av programmet, og for å bli sertifisert Rent Senter, skal treningssenteret implementere antidopingreglar i sine medlemsvilkår. Alle medlemmar må signere senteret sine antidopingreglar ved innmelding, og skal få opplyst at senteret har avtale med Antidoping Norge (ADNO).

Datatilsynet har gitt aksept for gjennomføring av dopingkontroller på treningssentre. Gjennomføring av dopingkontroller stiller som krav at senteret er eit sertifisert Rent Senter.

Antidoping Norge har ei tilsvarande sertifisering for idrettslag - ingen lag i Luster er pr dato sertifisert.

Ren-konsepta er gratis og er ferdig utvikla som E-læringsprogrammer

Som ein del av det haldningsskapande arbeidet bør kommunen oppmoda om at alle idrettslag i kommunen arbeider for å bli sertifisert som «Rent idrettslag»

2.2.3. AKAN (ny)

Dei fleste kommunar og andre større verksemder har AKAN-kontakt og eventuelt eit AKAN-utval.

Det er anonymitet i sakene, og kun AKAN-kontakten kjenner den einskilde saka.

Verksemda har ein unik mulighet til å gripe inn når en arbeidstakar har eit problematisk forhold til alkohol/andre rusmiddel som påverkar jobben. Det er avgjerande for den einskilde at arbeidsgjever ikkje seier vedkommande opp, men tilbyr oppfølging i jobbsituasjonen så lenge arbeidstakaren held AKAN-avtalen som er inngått.

Oppfølging skjer i høve til AKAN-avtalen.

Det er viktig at AKAN-kontakt og personalansvarleg har naudsynt kompetanse og at dei får rom for å utføre dette arbeidet. Det er også avgjerande å få ut informasjon om AKAN slik at både leiarar og tilsette veit at det finst, og korleis det fungerer.

Luster kommune har etablert AKAN ordning.

Luster kommune oppmodar andre verksemder i Luster om å etablere AKAN-ordning. Som største verksemd i kommunen, kan Luster kommune vere rettfeiar for andre verksemder som ynskjer å etablere AKAN-ordning.

2.3. Verksemder

Luster kommune hadde pr. 01.01.2015, 5118 innbyggjarar. I Luster kommune finst det pr. dato 26 verksemder som har løyve til skjenking av alkohol med bl.a. 7 hotell, 1 campingplass med servering av øl og vin samt nokre kafear/pubar, turisthytter og gardar som driv ymse aktivitetar.

Det er pr. i dag 10 butikkar som sel øl og rusbrus. Vinmonopolutsal er etablert i kommunen.

Dei fleste av skjenkeverksemdene (unnateke Pyramiden kafé) driv turisme i tillegg til tradisjonelle feiringar, julebord etc. Dei vil ikkje vere typiske møteplassar som samlar mykje ungdom. Mange verksemder held stengt om vinteren. Arrangement som samlar mest ungdom i Luster der det er skjenkeløyve er dei 3-4 sommarfestane i Parken kvart år.

2.4. Omsetjingstal

Omsetjing av alkohol i Luster kommune: Tal i liter:

År	Sal øl sider / rusbrus	Skjenking øl	Skjenking vin	Skjenking brennevin
2000	149.935		3.548	493
2001	150.345	35.337	2.387	377
2002	145.989	36.054	3.667,5	347,2
2003	146.876	34.041	4.186	498
2004	140.385	30.306	3.373	452
2005	170.722	28.255	5.310	466
2006	186.804	30.196	7.522	464

År	Sal øl-sider/Skjenking rusbrus	Skjenking øl	Skjenking vin	Skjenking brennevin
2007	189.491	33.017	5.755	410
2008	186.755	28.145	5.397	484
2009	148.834	31.524	5.995	579
2010	138.123	29.897	6.548	484
2011	129.923	30.911	7.009	515
2012	138.929	26.799	6.103	352
2013	133.829	26.040	6.793	308
2014	152.566	28.518	7.716	393
2015	135.709	24.350	12.615	346

Tala er basert på oppgåver frå daglegvarehandelen og skjenkeverksemdene.

Oppgang og nedgang i skjenking av øl, vin og brennevin skuldast i hovudsak aktiviteten på hotella (turistar og arrangement).

Sal av øl i butikkane har gått litt ned samanlikna med 2014.

2.5. Folkehelseoversikt Luster kommune 2016 – 2020.

Luster kommune har etter Lov om folkehelsearbeid utarbeida ein oversikt over helsetilstanden til befolkninga i Luster. Dokumentet vert kalla Folkehelseoversikt 2016 -

2020 og her ser ein mellom anna korleis lustringar kjem ut samanlikna med fylket og landet elles på ei rekkje område.

Dokumentet skal syne viktige ressursar og utfordringar for folkehelsa i kommunen og skal nyttast som grunnlagsdokument for arbeid med plan og budsjett. Oversikta skal haldast løpande oppdatert, med hovudrevisjon kvart fjerde år. Mål og strategiar skal vedtakast i kommunestyret og forankrast i planprosessar.

Helsetilstanden vår blir påverka av måten vi lever liva våre på. Det vil sei kor mykje vi er i aktivitet, kva vi et, kor mykje alkohol vi drikk, om vi røyker eller snusar osv. Det er difor særskilt viktig å rette merksemd mot indikatorane under helserelatert åtferd då vi veit at dårlege nivå her vil kunne føre til sjukdom seinare i livet. Nasjonale tal visar at barn og unge ikkje er fysisk aktive i den grad det er ynskjeleg. Det er ikkje grunn til å tru at lustringar skil seg frå dette. Barnehage og skule er dei viktigaste stadene der ein med sikkerheit vil nå nesten alle barn og der ein har moglegheit til å skape gode aktivitetsvanar. Tobakksrøyking er redusert mykje både nasjonalt og lokalt over ein lengre tidsperiode. Det er ein klar sosial gradient både for aktivitetsnivå og tobakksrøyking. Alkoholforbruket hjå vaksne er aukande på landsnivå, men det har flata ut for unge og etter årtusenskiftet har det vore ein reduksjon. Foreldra sine grenser i heimen har stor påverknad på unge sin rusbruk. Politiet meiner ein skal vere obs i høve bruk av cannabis. I enkelte ungdomsmiljø er det eit liberalt syn på det, og det er viktig med auka fokus og bevisstgjeri i ungdomsmiljøa på tema. Dette bl.a gjennom å formidle kunnskap om syntetisk hasj og kor farleg det er.

Rusgranskinga i Sogn vart gjennomført av politiet i 2015. Held vi vidaregåande skule utanfor, finn vi høgast bruk av sigarettar på Luster og Hafslo ungdomsskule og høgast bruk av øl på Luster ungdomsskule av ungdomsskulane i Sogn som var med i undersøkinga. Samla sett ligg rusbruken i Sogn under gjennomsnittet nasjonalt. Undersøkinga vil bli jamleg gjennomført slik at vi kan følgje utviklinga.

2.6. Tverrfagleg samarbeid

2.6.1. Familieforum:

Familieforum er eit tverrfagleg samarbeidsmøte på systemnivå. Her er det mogeleg å drøfte enkeltsaker i mindre grupper. Dette er ein møteplass for faggrupper som har barn, unge eller familiar som målgruppe. Møteplassen skal vere eit fora for å legge til rette for god samhandling mellom faggruppene. Faggruppene som deltek: helsestasjon /skulehelsetenesta, PPT, barnevern, psykisk helseteam (inkl. ruskonsulent), konsulent for funksjonshemma, ungdomskontakt og oppvekst. BUP deltek på forumet fire gonger i året. Leiande helsesøster er leiar for forumet. Alle har ansvar for å melde inn saker.

- Føremålet med forumet er bla:
- Drøfte tverrfaglege problemstillingar (t.d. rus, psykiske plager, åtferd)
- Informere kvarandre om kva som skjer eller er planlagt framover i dei ulike instansane
- Utvikle felles strategi i høve til ulike problemstillingar
- Planlegge felles deltaking på kurs
- Gi innspel til kompetanseplan
- Intern kompetanseheving

2.6.2. Samhandlingsgruppa/Koordinerande eining (SG/KE)

Samhandlingsgruppa er eit organ for samhandling, koordinering og rådgjeving. Konsulent for funksjonshemma har rolla som koordinator, med ansvar og oppgåver som ligg til denne funksjonen. Faste medlemmar i samhandlingsgruppa er: helsesjef, leiar i Luster sjukeheimsteneste, leiar for Luster heimeteneste, leiar psykisk helseteam, leiar for

helsestasjonen, leiande fysioterapeut, konsulent for funksjonshemma, leiar for ATS og ergoterapeut.

Status, individuell plan (IP) og trong for IP er fast sak på møta. Leiande fysioterapeut er leiar for gruppa, og kallar inn møta og skriv referat. Fast møtetid er første onsdag kvar månad.

Ved behov blir leiar for NAV, PPT, ruskonsulent og rådmann kalla inn.

2.6.3. HSP møter:

Tverrfagleg møte i skular og barnehagar. Deltakarar er rektor/styrar, aktuelle lærarar, helsesøster, PPT og barnevern. Fast møteplan, ulik hyppigheit etter størrelse på skulen/barnehagen, 3-6ggr i året. Tema er aktuelle problemstillingar knytt til t.d. åtferd, fråvere, evt. andre bekymringar ein har i høve barn. Anonyme drøftingar eller med samtykke.

2.6.4. SLT Politiråd Leikanger, Luster og Sogndal

Kommunane Luster, Leikanger og Sogndal har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie i gangsette tiltak ved at forskjellige sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særleg fokus: barn og unge.
- Organet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane, der kvar kommune har ei undergruppe/arbeidsgruppe lokalt.
- Organet er forankra i kvar kommune ved ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen, og politiet ved regionlensmann.

Det er avtalt å halde 4 møter i året og det har etter kvart blitt eit godt organ for informasjonsutvikling mellom politi og kommune. Referata frå møta er offentlege.

2.6.5. Folkehelseråd

Med grunnlag i oppfølging av samhandlingsreforma og Lov om folkehelse har kommunen etablert folkehelseråd. Det er eit organ for deling av informasjon og drøfting av utfordringar, samt rådgjeving i høve planar og tiltak på kort og lang sikt. Folkehelserådet dekkjer funksjonen som lokalt SLT politiråd. Faste medlemmar er ordførar (leiar), rådmann/ass. rådmann, lensmann i Luster, folkehelsekoordinator, leiar oppvekst, helsesjef, leiar NAV, leiar Sogn barnevern og leiar eigedom.

Dette fungerer etter intensjonen.

2.6.6. Foreldresamarbeid – tverrfagleg samarbeid skule.

Skulane har fått tilbod frå politiet om samarbeid i høve til førebygging. Det er svært positivt. Sjølv om undersøking syner gode resultat for Lustraungdomen, er det viktig å være i forkant.

Skulane har pr. i dag tverrfaglege tema-møter om rus. Det bør gjerast vurdering av om desse møta skal skje tidlegare enn 9. trinn, som er aktuelt for nokre pr. i dag.

Det er viktig å bruke lokal kompetanse og lage eit godt opplegg som ligg i skulane sitt årshjul.

2.6.7. Ungdomskontrakt

Tilbod til ungdom mellom 15 og 18 år som har begått ein eller fleire straffbare handlingar. Tilbodet er alternativ til straffeforfølgning når lovbrøtet er skadeverk, mindre grov voldskriminalitet, vinningskriminalitet og bruk av narkotika. I staden for straff vil reaksjonen vere påtaleunnlating med vilkår. Det betyr at straffbare tilhøve ikkje vil kome på ein ordinær politiattest ved fullført kontrakt. Det er ein skriftleg avtale mellom ein ung lovbrøytar og dens føresette, politi og kommunalt hjelpeapparat.

2.6.8. OT- tenesta

Oppfylgningsteneste for ungdom som ikkje søker vgs., ikkje tek i mot skule/læreplass og eller sluttar på vgs eller læreplass i løpet av opplæringstida. Det er fylkeskommunen som har hovudansvaret for OT; men tenesta bygger på eit samarbeid mellom ulike instansar som har ansvar for ungdom. OT samarbeidar med rådgjevarar og lærarar i vgs og ungdomsskule, opplæringskontor, PPT, NAV, helse.

2.7. Rusrelaterte førebyggingstiltak

Luster kommune har dei seinare åra hatt mange gode tiltak innanfor rusførebygging. Tiltak vil ofte måtte endrast grunna nasjonale satsingsområde, nye/endra læreplanar osv. For å unngå at det vert for mange like tiltak «lag på lag», har nokre blitt avslutta eller vidareført i andre former.

2.7.1. Aktivitetstilbod

Luster er ein stor geografisk kommune som har mange bygder med kvar sine særpreg og der kvar har sine ulike treffpunkt og lag og organisasjonar. Tradisjonelt har det vore viktig å satse på aktive nærmiljø og bygder ved å oppretthalde skular og barnehagar. [Ein oversikt over aktivitetstilbod og møteplassar i bygdene i Luster kommune viser eit stort tilbod og mangfald.](#)

Luster har mange tilbod til born og unge: Kulturskule, Luster danseverkstad, Sogn skisenter, MENU, Lustrabadet , i tillegg til eit rikt lag og organisasjonsliv og fleire ungdomsklubbar. I fleire bygder er det gode nærmiljøanlegg for born og unge til å driva med eigenorganisert fysisk aktivitet. Skular og samfunnshus vert nytta både til organisert og uorganisert aktivitet. Forsking syner at på vidaregåande nivå er den uorganiserte aktiviteten viktig. Meir omtale om sosialt miljø i Luster kan ein lese i dokumentet [Folkehelseoversikt 2016 -2020.](#)

Friskhuset

Det er i 2015 gjennomført eit prosjektarbeid med vurdering av tiltak for førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen. Prosjektgruppa har målsetjing om realisering av Friskhuset i yrkesskulebygget. Nytt dag dagsenter, trenings-senter, ny organisering av Frivillingsentralen er dei sentrale målsetjingane.

2.7.2. Ungdomskontakt

Ein har tilsett ungdomskontakt i 50% stilling. Stillinga har som viktigaste oppgåve å samarbeide med lag og organisasjonar for å kunne tilby barn og unge attraktive rusfrie aktivitetar og møteplassar.

2.7.3. Luster danseverkstad

Luster danseverkstad blir drifta av og for barn og ungdom i Luster kommune. Dans er ein plass for alle. Eit flott tilbod for fysisk aktivitet, fellesskap. Spreiing av glede, gode holdningar og verdiar. Sidan oppstart i 2006 har frivillig ungdom vært unginstruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegledede i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilde for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster. Ny instruktørgruppe er under opplæring og det var om lag 60 barn både vårsemester og haustsemester som var med i 2015.

2.7.4. ME`N`U

ME`N`U er ein aktivitetssklubb for og med ungdom mellom 13-18 år i Luster kommune.

ME`N`U har aktivitetstilbod annan kvar fredag frå september til juni. ME`N`U er eit rusfritt tilbod til ungdomane som gir dei ein sosial møteplass. I tillegg arrangerer dei ulike fysiske aktivitetar som for eksempel: kveldskøyring i skitrekke, kveldscup i idrettshallen og danse kurs på ungdomshuset.

Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune, Frivilligsentralen, kyrkja i Luster og ungdommens kommunestyre. Det er foreldre som stiller som vakter på aktivitetsskveldane.

Det har vore innom 20 – 60 ungdommar på klubbkveldane annakvar fredag. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekke og open idrettshall.

2.7.5. Fritidsklubbar:

Det er fritidsklubbar som har inngått partsavtale med Luster kommune på Hafslo og i Jostedal. I Gaupne er det ME`NU med partsavtale. I dei andre bygdene er det ulike møtearena for ungdom.

Hauk på Hafslo har ikkje vore i drift i år, m.a. på grunn av ombygginga ved skulen. Det vil truleg kome ny søknad til hausten.

2.7.6. Regionalt nettverk for ungdomsarbeidarar

Nettverket er ei samarbeidsgruppe med representantar frå kommunane i Sogn. Overordna mål med nettverket er erfaringsutveksling og kompetanseheving blant ungdomsarbeidarar. Nettverket skal spesielt arbeide for å styrke kommunane sitt førebyggjande arbeid. Nettverket skal òg være ei prosjektgruppe i utvalde prosjekt.

2.7.7. Nattuglene

Nattuglene er eit interkommunalt samarbeid. Nattuglene er foreldre og andre frivillige vaksne som er ute i gatebilde i Sogndal på fredagar, laurdagar, og ved andre større arrangement. Det er også nattugler ved store arrangement i Gaupne. Dei spelar ei sentral rolle i kriminal- og rusførebyggjande arbeid. Årleg informasjon og rekruttering på foreldremøte ved lensmann og ungdomskontakten.

Det har vore bra rekruttering av nattugler, og det ar ordførarane stiller opp natt til 1. mai har gjev ein god signaleffekt. Dette år berre vera tilstade har vist seg å vere nyttig. Ein er nattugler for alle, men har fokus på ungdommen. Justisministar deltok 1. mai for tre år sidan. Frivilligsentralen er sekretariat og det fungerer godt. Økonomien er god og ein får støtte av fleire bankar og kommunar.

2.7.8. Ungdata

Kommunen har vore med i ungdomsundersøking i regi av fylkeskommunen (2011 – 2015). Denne er no avslutta og som del av folkehelselov i samband med å skaffe oversikt over helsetilstand i befolkninga vil kommunen starte med Ungdata sin spørjeundersøking

frå 2016. Datamateriell frå Ungdata blir lagt inn i ein nasjonal database. Nøkkeltal og rapportar er offentlege og blir publisert på Ungdata sine heimesider der vi kan samanlikne egne resultat med andre kommunar. Statistikk frå Ungdata vert og brukt som indikatorar i folkehelseprofilane for kommunane.

2.7.9. Transport for ungdom mellom 13.19 og busett i Luster.

Det er framleis eit ope tilbod. Fylkeskommunen løyver midlar, og det vart løyvd pengar i fjor. Det må søkast på nytt i år og kommunen har no fått invitasjon til å søka. Frist for søknad er innan april og svar blir gitt i løpet av mai.

Når økonomisk råme er klargjort er det opp til Ungdomen sitt kommunestyre (UK) korleis dei organiserer tilbodet.

2.7.10. Vaktverksemd ved festførestellingar:

Ny forskrift pålegg dei som har ordensvakter å ha vakter som fyller kravet til utdanning/kompetanse. Dvs. at det blir stilt krav til at ordensvakter innehar naudsynt kompetanse, jf. Forskrift om vaktvirksomhet (vaktvirksomhetsforskriften)

2.7.11. Frivillige organisasjonar:

Det viktige arbeidet lokalsamfunnet utfører, td. Idrettslaga, Røde Kors, korpsa, 4H.

2.8. Tiltak grunnskule

Rusførebygging er ein del i undervisninga i religion, naturfag, samfunnsfag og norsk.

Der er det som mål at elevane skal kunne gjere greie for korleis bruk av rusmidlar kan føre til helseskader og drøfte korleis den enkelte og samfunnet kan førebygge helseskadane.

2.8.1. Læreplanen

Læreplanen seier fylgjande om dette området:

Naturfag:

- «Formulere og drøfte problemstillinger knyttet til seksualitet, seksuell orientering, kjønnsidentitet, grensesetting og respekt, seksuelt overførbare sykdommer, prevensjon og abort (opplegg med helsestasjon/prest i 10. klasser)
- Forklare hvordan egen livsstil kan påvirke helsen, herunder slanking og spiseforstyrrelser, sammenligne informasjon frå ulike kilder, og diskutere hvordan helseskader kan forebygges

Samfunnsfag:

- Beskrive utvikling og konsekvenser av tobakks- og rusmiddelbruk i Noreg og diskutere haldningar til rusmiddel

KRL:

- Reflektere over etiske spørsmål knyttet til mellommenneskelige relasjonar, familie og venner, samliv, heterofil og homofili, ungdomskultur og kroppskultur.»

Pr. i dag har skulane fleire tiltak inne enn det læreplanen pålegg. Tiltak varierer litt ut frå kompetanse me har tilgjengeleg til eikvar tid og kva kurs/tilbod som er aktuelt når det gjeld tema.

2.8.2. Ungdomstrinnsatsinga Motivasjon og meistring for betre læring.(2013 – 2017)

Dette er eit førebyggjande tiltak som byggjer på NY GIV (2010 – 2013), men omfattar alle tilsette og alle elevane

Målsetjinga er auka motivasjon og meistring i ungdomsskulen (Meld.ST.22) for å reducere fråfall i vidaregåande skule. Dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing, skriving og rekning skal styrkast. Klasseleiing er og eit satsingsområde. Ungdomstrinnsatsinga rettar seg mot alle elevane, og kommunane og skulane vel eit av fire satsingsområda som dei vil arbeide særleg med. Tiltaket er skulebasert og omfattar skulen , med leiing og alle tilsette og organisasjonsutvikling står sentralt for å få til meir praktisk, relevant og variert undervisning. Det er tett samarbeid med Høgskulen, som er ute på skulane . Utviklingsarbeidet skal gje auka læringsutbyte for elevane.

2.8.3. Pals:

PPT har medverka i høve opplæring i "PALS" . Det er eit forsøk over tre år som to skular prøver ut og som tek sikte på å førebygge problemutvikling og fremme eleven sin sosiale og skulefaglege kompetanse.

2.8.4. Olweusprogrammet:

Olweusprogrammet er eit haldningsskapande arbeid mot mobbing og dårleg sosial åtferd og arbeid for auka kompetanse.

PALS/Oleweus:

Hafslo barne- og ungdomsskule har Pals, medan dei andre skulane følgjer det mobbeførebyggjande programmet Oleweus. Det er nettverk knytta mot dette arbeidet, og kommunen har ein koordinator som styrer dette.

Gjennom undersøkingar kan ein fylgje desse programma og evaluere nytteeffekt.

Rapport om «Forebyggende innsatser i skolen» syner at begge desse programma vert vurdert å tilhøyre kategori 3: Program med dokumenterte resultat.

Komiteen merkar seg at Pals og Oleweus er to ulike program. Kunne det vurderast om programma kunne vore samkøyrde, om det hadde vore ei betre løysing å ha like program på skulane i Luster.?

2.8.5. Samarbeidspartar:

Skulane samarbeider tett med PPT. Skulane samarbeider med Sogn barnevern, helsestasjonen, BUP, samt tverrfagleg team som er samansett av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Det er samarbeid med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid. - Tidleg oppdage problem hjå unge, og vurdere tiltak som kan setjast inn for å hindre utvikling av skadelg åtferdsmønster.

2.8.6. Psykisk Helseteam/ Kommunepsykologen.

Psykisk Helseteam arbeider både førebyggjande og behandlande. Kommunepsykolog i heis stilling gjev klar styrking av tilbodet til menneske med psykiske problem og/eller rusmiddelproblem. Det skal leggjast vekt på barn og unge, særskild dei som står i fare for å falle ut av, eller har falle ut av skulen. (Sjå vidare avsnitt om oppfylgning/rehabilitering)

2.9. Tiltak helse.

2.9.1. Helsestasjonen/skulehelsetenesta

Helsestasjonen/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid – både psykisk og fysisk. Sentrale i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats. Helsestasjonen/skulehelsetenesta har i utgangspunktet eit førebyggjande perspektiv i all aktivitet, også når det gjeld rusproblematikk. Rus er fast tema ved 1. svangerskapskonsultasjon hjå jordmor, og ved 1.ste heimebesøk etter fødsel, av helsesøster. Ved behov ved seinare konsultasjonar. Helsesøster har fast heimebesøk til alle nyfødde. I skulehelsetenesta er rus tema i samlivsundervisninga i 10 klasse, elles etter forespørsel frå den enkelte skule/lærar.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har fokus på kva som har verknad på barn, unge og dermed er det også viktig kva som skjer elles i familien.

Det som rammer dei vaksne, vil ha påverknad på barna deira. Ein har som mål å støtte foreldre til å vere trygge, gode foreldre, for dermed å kunne bygge trygge barn. Ein veit at rus og psykiatri kan vere med å forrykke dette samspelet, med påverknad av vidare utvikling.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta for barn og familiar vil vere med å kunne førebygge problem, fange opp problemstillingar tidleg, og dermed frå sett inn tiltak tidleg, samt støtte foreldre i å handtere utfordringar sjølv. Dette skjer ved tidleg kontakt med gravide og ved kontakt gjennom heile barne- og ungdomsalderen.

Dette kan skje ved slike tiltak:

- Tematisere avhengigheit, enten det gjeld rus eller spel.
- Fast tema ved fleire kontaktar på Helsestasjonen og ved skulestart.
- Foreldrerettleiing ved behov.
- Delta i skulen, tverrfagleg, t.d. med politi, ruskonsulent. Tiltak retta mot både foreldre og barn.

Foreldremøte årleg med felles program for alle skular i kommunen.

2.9.2. Helsestasjon for ungdom

Luster helsestasjon har kvar onsdag ettermiddag "open dør" helsestasjon for ungdom på helsesenteret. Målgruppa er ungdom i alderen 16-20 år som bur eller går på skule i Luster kommune. Tilbodet er gratis. Rus er tema etter behov.

2.10. Tiltak som politiet har relatert til rusførebygging

2.10.1. Rusgranskinga gjennomført av politiet i 2015:

Undersøkinga er ei gransking for ungdomsskular/vidaregåande i Vik, Leikanger, Sogndal og Luster der 627 elevar har svart på spørsmål. 52% er gutar og 48% er jenter. Den er gjennomført i 8., 10. klasse og 1 og 3 kl. på VGS (både under og over 18 år). Kartlegging av korleis ungdom i bygdene Sogndal, Kaupanger, Gaupne, Hafslo, Leikanger og Vik svarar på spørsmål om skule og fritid, nære relasjonar, sjølvkjensle og forholdet til rusmiddelbruk.

Generelt viser ikkje resultatata påfallande forskjellar frå andre undersøkingar. Kjønn spelar ei rolle særlig med omsyn til *typen* alkoholhaldig drykk (rusbrus, øl, brennevin vin), men også i høve sjansen for å bruke reseptmedisin. Jentene har eit dobbelt så høgt forbruk av medisin som gutane.

Utviklingstrekk:

- Det store bildet er særers bra.

- Ungdom drikk litt mindre.
- Tilgang er lett; 79% svarar at dei får hjå venner, 21% kjøp i butikk og 10% får hjå foreldre.
- Fleire heimeåleinefestar; endra arena.
- Obs auke i høve mobbing; sosiale media/nettmobbing.

Politiet er på tilbodssida – ynskjer å presentere undersøkinga på alle skulane på foreldremøta samt i dialog med elevane. Fokusområde er: Alkohol, narkotika og mobbing.

Sist, men ikkje minst er det eit viktig spørsmål om rusbruk i Sogn og Fjordane fylke er på same, høgare eller lågare nivå i samanlikning med resultat i Noreg elles. Her viser data at rusbruken i Sogn ligg under gjennomsnittet nasjonalt. Dette gjeld både for vidaregåande skule og ungdomskulane.

2.10.2. Blås Grønt:

Dette er eit tiltak i regi av Ungdommen sitt kommunestyre til ungdomane i Luster kommune. Blås Grønt har UK på eige initiativ prioritert som ein fast aktivitet natta til 17. mai. Mellom dei som vert registrerte, og som har blåst grønt, vert det trekt ut premiar.

Komiteen vil føreslå at tiltaket Blås Grønt bør vurderast til å gjelda for andre arrangement i staden for eller i tillegg til 1. og 17. mai. Kunne det t.d. ha vore ein aktivitet i Parken på Lustrabalder?

2.11. Tiltak i høve rusmisbrukarar

2.11.1. Behandling/oppfølging

Ein vil ha fokus på å tilby rusmisbrukarar og deira pårørande eit heilskapleg og relevant tilbod. Dette ved å bl.a. ha individuell plan på plass når det er trong for samansette og koordinerte behov (dersom brukaren samtykker til det), jf.» Lov om kommunale helse- og omsorgstjenesten § 7-1» og «Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5

Eit viktig ledd i behandlinga er ei individretta tilnærming til kvar enkelt brukar. Individuelle samtalar har auka. Ruskonsulenten brukar motiverande intervju (MI), «mentaliseringbasert» terapi (MBT), løysingsfokusert tilnærming (LØFT) og bygging av tillit til å meistre (BAM) som metode, men understrekar at relasjonsbygging er eit viktig ledd i behandlinga.

Oppfølging kan bestå av: Individuelle samtalar, råd, rettleiing, motivasjonssamtalar og tett oppfølging av den enkelte brukar. Det kan vere kartlegging av (behandlings) behov, kartlegging av (mis)bruk av rusmidlar, utgreiing av somatisk helsetilstand. Det kan vere par- samtalar, barn- og pårørande arbeid, hjelp til søknad om psykiatrisk / rus institusjon, oppfølging før, under og etter innlegging i institusjon. Viktig med kontakt/deltaking i samarbeidsmøter under opphald på sjukeheim. I tillegg kan det vere trong for rettleiing til f. eks legebepesøk, NAV, arbeid/arbeidstrening og skule/studie.

2.11.2. Psykisk helseteam

er ei tverrfagleg samansett gruppe. Organisatorisk er dei lagt under eininga helse. Teamet har ein leiar. Personalgruppa består av psykiatriske

sjukepleiarar, vernepleiar med vidareutdanning i psykisk helse, psykolog, erfaringskonsulent og treningsterapeut/aktivitør. Ruskonsulenten er ein del av teamet.

Arbeidsområde:

- Førebyggjande arbeid
- Oppfølging av kronisk sjuke brukarar
- Lågterskel tilbod til nye brukarar
- Kontakt med pårørande til psykisk sjuke og rusmisbrukarar
- EttervernRettleiing til andre instansar i kommunen
- Utvikling og drift av dagsenter/aktivitetstilbod til brukarane
- Drift av omsorgsbustader/ psykiatribustader
- Kriseintervensjonsteamet i Luster Kommune

Psykisk Helseteam vitjar brukarane i heimen og gir eit tilrettelagt tilbod. Dei har også tilbod om samtalar på kontoret for dei som ynskjer det. Telefonkontakt er ein viktig del av kommunikasjonen med brukarane og deira familiar og pårørande. Psykisk Helseteam kjøper tenester i «Inn på TUNET», har tilbod om treningskontakt, samarbeid med fysioterapeut (basalkroppskjennskap), arrangerer KID kurs (kurs i å meistra depresjon) og samarbeider med helsestasjonen om tilbod på vidaregåande skule.

“Huset” er ein møteplass i Gaupne (Nesgården) for sosialt samvær og aktivitet. Opningstider måndag 09.00 – 15.00 og onsdag 14.00 – 19.00. «Huset» er eit lågterskeltilbod for samtalar og aktivitetar, samt på «Bruvoll» er det eit eige butilbod. Teamet har eige tilbod om fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør. Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam. Heile psykisk helseteam deltek etter behov.

2.11.3. Kommunepsykologen.

Psykisk helseteam er styrka med kommunepsykolog i heil stilling. Statstilskot på 300 000 pr. år vil delfinansiere utvidinga. Kommunen må finansiere resterande. Tidlegare leiar av PPT er gått inn i stillinga.

I dette ligg ei klar styrking av tilbod til menneske med psykiske problem og/eller rusmiddelproblem. Det skal leggast vekt på barn/unge og særskild dei som står i fare for å falle ut av, eller har falle ut av skulen.

Kommunepsykologen varetek kommunepsykologiske oppgåver i samarbeid med m.a. helsestasjonen, legane, psykiaritteamet, ruskonsulenten og Sogn Barnevern. Han er dessutan AKAN-kontakt.

2.11.4. Ruskonsulenten.

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus på førebygging, behandling og rehabilitering.

Ruskonsulenten har samarbeid både innanfor eigen organisasjon, samt eksterne partnerar. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering og oppfølging på arbeids- og treningssenter. Tett samarbeid med interne og eksterne instansar. Ein har samarbeid med: Legane, NAV, spesialisthelsetenesta. Eks: psykolog, psykiater, fysioterapi, politiet, pårørande, “kriminalomsorg i frihet” – KIF, denoffentlige tannhelsetenesta, interkommunalt barnevern, helsestasjon, oppfølgingstenesta Sogndal Vidaregåande skule (OT), Luster Treningssenter, lokale bedrifter/arbeidsgjevarar, ATS – Arbeids- og treningssenteret og skulane.

2.11.5. Erfaringskonsulent

Psykisk helseteam har for tida eit nytt prosjekt:

Ei 80% prosjektstilling som erfaringskonsulent tilknytt ruskonsulenten.

Målsetjinga er å få fleire personar med rusrelaterte problem ut i jobb og/eller meningsfull aktivitet. Aktivitet og arbeidsmeistring er naudsynt for å få til gode betringsprosessar for denne brukargruppa. Med aktivitet meiner ein alt som kan auke livskvalitet for den det gjeld.

Det førebyggjande arbeidet skal og prioriterast. Tiltaket medfører ei klar styrking av rusarbeidet i kommunen.

Prosjektet er finansiert ved hjelp av Fylkesmannen.

2.11.6. Helsestasjonen

Helsestasjonen samarbeider med ruskonsulenten i småbarnsfamiliar der det er rusproblem. Helsestasjonen har og samarbeid med fastlege og NAV rundt einskildpersonar med definert rusproblem.

2.11.7. NAV

NAV sin innsats for å styrke arbeidsinkluderinga for personar med psykisk og/eller rusrelatert helseproblematikk, her ved ei rekke ulike arbeidsretta tilbod er prioritert.

Å arbeide er ein grunnleggjande føresetnad for å kunne ta del i samfunnsfellesskapet. Arbeidet gjev det økonomiske grunnlaget for eit sjølvstendig liv, og har positive effektar på helse og livskvalitet. Tal personar med psykisk helse- og rus problem som står utanfor arbeidslivet, og dermed er avskåret fra desse økonomiske og helsebringande godene, er uforholdsmessig høg.

Tilboda bygger på ei individuell tilnærming som skal styrke brukaren sine eigne ressurser og mogelegheter for deltaking i ordinært arbeidsliv. Høg grad av brukarmedverknad lar den enkelte deltakar få eit best mogleg tilbod tilpassa sitt behov. Brukarmedverknad sikrar aktive brukarar, og gir størst sjanse for vellukka arbeidsinkludering. Samarbeid med rustenesta og psykiatri er avgjerande for eit vellukka resultat.

NAV samarbeider med, og yter bistand til, arbeidsgjevarar og tilsette slik at sjukmeldte med rusproblem kan kome tilbake til jobben sin. NAV deltek på dialogmøte 1 dersom det er ynskjeleg og har ansvar for å kalle inn til dialogmøte 2 ved behov. Dei disponerer tiltak som arbeidsretta rehabilitering og tilretteleggingstilskot m.m.

Dersom personen ikkje har arbeidsgjevar, kan NAV kontakte bedrifter med tanke på arbeidspraksis, dersom det er hensiktsmessig i forhold til behandlinga. NAV unngår å formidle personar med eit aktivt rusmisbruk til praksis i ordinære bedrifter. Det er eit mål at tiltak frå NAV i kombinasjon med oppfølging frå andre deler av hjelpeapparatet, kan gi personen den hjelp han treng for å lukkast.

Ruskonsulenten i psykisk helsetema har høve til møte på NAV Luster sine kontormøte den siste torsdagen kvar månad. Det er viktig for tenesta til brukar, at det er eit tett og heilheitleg samordna tenestetilbod. Individuell plan er eit verktøy som kan støtte opp under ein slik samordning og brukar sitt mål, dette ilag med tverfagleg samarbeidsmøte.

Inntektssikring:

Dersom det er dokumentert at rusbruken, under behandling, medfører helseproblem for personen, fysisk eller psykisk, kan vedkomande ha rett på sjukepengar eller arbeidsavklaringspengar. Andre kan ha rett på økonomisk stønad til livsopphald. Det gjeld personar som ikkje kan sørgje for seg sjølv gjennom arbeid eller ved å gjere gjeldande andre rettar som t.d. trygdeytningar. Sosialhjelp vert ytt ut frå ein individuell behovsvurdering og skal sikre livsnødvendige ting som mat, straum og bustad.

2.11.8. Høve til å skaffe og behalde eigen bustad

Bustad til vanskelegstilte

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga skal medverke til å skaffe bustader til vanskelegstilte personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser i bustadmarknaden.

Alle innbyggjarar har ansvar å skaffe seg eigen bustad. Økonomiske, sosiale, psykiske og fysiske problem gjer at ein del har problem med å skaffe seg bustad eller behalde den. Målet med bustadsosial handlingsplan er at kommunen skal få eit godt styringsredskap for å møte behova til desse gruppene.

Det har vore ei utfordring for nok bustader og bustadsosialt arbeid, i høve til budsjett, forvaltning og tiltak som ligg på fleire offentlege områder og etatar.

Ein ser at personar med rusmiddelmissbruk lett hamnar i økonomiske vanskar, og at dette igjen går ut over betaling av husleige m.m. Følgjene kan være at ein mister husvære m.m. Ein ser også at personar med psykiatrisk sjukdom kan hamne i slike situasjonar. Dette er ikkje berre et økonomisk problem. Det er også kunnskap om korleis ein utfører viktige oppgåver i eigen bustad, motivasjon til å halde orden både i sjølve huset, og evne til å leve sitt liv slik at det ikkje er til sjenanse for naboar. Eit godt bustadsosialt arbeid vil få positive konsekvensar for måloppnåing innan arbeid, helse utdanning og integrering.

Bustadsosial handlingsplan 2015 – 2019

Bustadsosial handlingsplan er ein plan som handlar om bustader og butiltak for grupper som har vanskar med å skaffe seg eller behalde ein tilfredsstillande bustad på eiga hand. Bustadsosial handlingsplan 2015 - 2019 vart vedteken i kommunestyret den 5. mars 2015.

Det vil i 2016 bli arbeidd med oppfylgning av handlingsplanen: Prioriterte tiltak er:

- Auka sirkulasjon i bustadmassen ved at fleire eig bustad – «leige til eige» Leigekarar i kommunale bustader med ynskje og potensiale om å eige bustad, får tilbod om kjøp av bustaden der han bur eller i annan kommunal bustad.
- Startlån til fleire personar med lita innteningsevne. Kommunen kan ta ut auka risiko og med dette tildele fleire startlån.
- Utarbeide nye retningslinjer for bustadsosiale arbeid i tråd med sentrale føringar som skal sikre at økonomiske verkemiddlar, tildeling av tenester og bustad blir sett under eitt ved tildeling.
- Samarbeide aktivt med privat leigemarknad.

Housing First

er ein modell som har gjeve gode resultat i det bustadsosiale arbeidet. Modellen byggjer på prinsipp og valfridom og brukarmedverknad til type bustad og oppfølging. Bustad er ein menneskerett, og det gjeld og for menneske som har problem med rus og/eller psykisk helse.

Tillit til at deltakar veit best kva som er bra for seg og styrkar opplevinga av å ta styring over eige liv. Auka ansvarfølelse og ynskje å ta vare på heimen kan vere ein konsekvens. I dette ligg å bli integrert i ordinære bumiljø, i eit ordinært nabolag utan opphopping av andre i same situasjon.

For å få eit differensiert tilbod og fukus på å bli integrert i ordinære bumiljø vil ein sjå nærare på modellen Housing First og jobbe for å innføre prinsippa i modellen.

og skal sikre livsnødvendige ting som mat, straum og bustad.

Tilskot til etablering/tilpassing.

Bustadtilskot et skal medverke til etablering i eigen bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigen bustad. Det kan og søkjast om tilpassing til bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilte behov for å gjere bustaden betre eigna.

Startlån

Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde denne. Føremålet med startlåner er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at desse kan få eit tryge og godt buforhold.

Bustønad

Bustønad er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge bu-utgifter og låg inntekt.

2.11.9. Økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving til vanskelegstilte.

For perioden 2013 – 2015 vart det tilsett ei prosjektstilling som for Luster utgjorde om lag 33 %. Målet er å hindre fattigdom hjå barn og deira familiar, samt auke kompetansen i kontora. Prosjektet vart vidareført i 2015 med ein eigenandel frå kommunen. Tiltaket vert vidareført som ei fast 100% stilling mellom Luster og Sogndal. Leikanger kjøper ev. tenester etter behov.

2.11.10. Politiet – «Bekymringssamtalen»:

Dette er tiltak retta mot ungdom i alderen 12 – 18 år. Samtale med ungdom anten åleine eller saman med foreldre. Hensikta er å bryte ei negativ utvikling i høve til rus og/eller kriminalitet Dette er et nytt tiltak frå 2012.

2.11.11. Sogn barnevern

Barnevernet har av og til saker der foreldre har rusproblem. Men det er ikkje hovudproblemet som barnevernet arbeider med. Stort sett all oppfølging når det gjeld rus går gjennom fastlege eller ruskonsulenten i kommunen. Ved behov blir ruskonsulenten koplå inn for samtale/rusmiddeltesting.

2.11.12. Handlingsplan i høve Lov om kommunale krisesentertilbod

Luster kommune har eit tilbod til utsette for vold/rus og det gjeld begge kjønn. Dette tilbodet blir levert av Krisesenteret i Florø. Luster kommune har sett av kr 400 000,- til dette for 2016. Det er og kjøpt tenester frå senter for seksuell vold som er plassert på Sys-lkl i Førde. Dette blir brukt ved overgrep. I tillegg tilskot til senter mot inscest. Dei gjev informasjon og støtte til dei som har vore utsette for dette.

Kommunelegen si erfaring er at dette fungerer godt som tilbod til dei det gjeld. Vi er for små til å byggje opp eigne tilbod.

3. Alkohollova – sals- og skjenkeløyve for alkohol

3.1. Sal av alkohol - Alkohollova § 3.

Med sal av alkoholhaldig drikk meinast overdraging av drikk med inntil 4,75 volumprosent alkohol - til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden. Sal kan berre gjevast på grunnlag av løyve og slikt mynde ligg til Formannskapet. Kommunestyret har vidaredelegert til formannskapet. Løyve kan tildelast daglegvarebutikkar, samt butikkar i tilknytning til kjøpesenter og/eller bensinstasjon.

3.2. Skjenking av alkohol

Skjenkeløyve – Alkohollova § 4

Med skjenking meinast sal av alkoholhaldig drikk for drikking på staden. Skjenking kan berre skje på grunnlag av løyve, mynde ligg til Formannskapet.

3.3. Generelt løyve for servering av brennevin, vin og øl kan tildelast:

- hotell og andre overnattingsverksemder
restaurantar og andre serveringsverksemder der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevinsservering kan forsvarast
- restaurant i kjøpesenter etter at butikkane er stengde, fredag, laurdag etter kl. 20.00, samt to dagar i julehelga og to dagar i vekedagar til slutta lag.

3.4. Generelt løyve for servering av vin og øl kan tildelast:

- serveringsstader med annan karakter enn restaurantar
pubar
- ferjer og båtar i chartertrafikk
- pensjonat og mindre overnattingsverksemder
- utandørs-serveringsstader

3.5. Ambulerande skjenkeløyve –alkohollova § 4-5:

Løyve til servering av brennevin, vin og øl i slutta lag

3.6. Løyve for ein enkelt bestemt anledning kan tildelast:

- Verksemder som har serveringsløyve
- Rådmannen kan i spesielle høve gje løyve i kommunale bygg.

- Lag og organisasjonar kan få tildelt løyve til skjenking ved einskildarrangement, føresett at dei stettar dei formelle krava til skjenkestyrar og godkjende vakter.

3.7. Serverings- og drikkeforbod § 8-9: Alkoholservering utan løyve § 8-9 3. ledd.

Det er forbod mot å drikke eller servere alkohol med mindre det føreligg løyve til dette, og sjølv om dette skjer utan vederlag:

1. i lokale med der det blir drive serveringsverksemd
2. lokale som til vanleg er ålment tilgjengeleg for det offentlege
3. i forsamlingslokale eller andre felleslokale
4. på anna stad der offentlege møter, festar, utstillingar eller andre tilstellingar finner stad
5. på gate, torg, veg, i park eller på anna offentleg plass
6. på skip, fly, tog, buss eller annan innanriks transportmiddel for ålmenta. På stader som nemnd i første ledd, må heller ikkje eigar eller annan ansvarleg oppbevare, servere eller tillate servering eller drikking av alkohol.

Forbodet mot drikking og servering av alkohol i lokale som nemnd i første ledd nr. 1,2 og 3 gjeld ikkje når eigar, leigar, drivar eller tilsett disponerer lokala til eige bruk i slutta selskap.

Forbodet mot drikking og servering av alkohol i lokale som nemnd i nr. 2 og 3 gjeld heller ikkje når lokalet vert leigd eller lånt ut til privatperson for ein enkelt bestemt anledning til slutta selskap.

Det vil sei:

Privatpersonar som leiger/låner eit lokale kan servere alkohol utan løyve ved særskilt løyve og ved slutta lag. Lova sitt utgangspunkt er at all servering av alkohol mot vederlag krev løyve, medan servering utan vederlag (når ein spanderer) normalt er tillat utan løyve.

Det er kun tilgang til alkoholservering utan løyve ved slike private arrangement når utleigar/lånar eller hans/hennar representantar ikkje er involverte i arrangementet på nokon annan måte enn å stille lokalet til rådvelde, og der leigetakar bringar med sine egne drikkevarer.

Dersom utleigar/utlånar står for innkjøp eller servering av mat eller drikke, vil det krevje løyve, sjølv om dette blir gjort utan vederlag. Det krev også løyve dersom eit utanforståande firma står for innkjøp eller servering av både mat og alkohol. For at alkoholserveringa skal kunne skje utan løyve må dei alkoholhaldige varene alltid skaffast av privatpersonen sjølv på same måte som ein hadde gjort ved ein fest heime. Hensikta er å gje privatpersonar høve til å ha arrangement som eit privatselskap/fest, der eiga stove blir for lita og det er trong for eit større lokale.

3.8. Definisjon på "slutta lag"

Med slutta lag meinast at det allereie før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale på skjenkestaden. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga har skrive seg på ei liste eller kjøpt billetter. Klubbar t.d. med avgrensa medlemskap blir ikkje rekna som slutta selskap. I tvilstilfelle må kommunen, etter skjønn, avgjere om eit selskap kan reknast som slutta selskap i alkohollova sin forstand.

Kretsen av personar må ikkje vera open for utanforståande.

Deltakarane må ha ei eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet. Vanlegvis må initiativet kome utanfrå, ikkje frå skjenkestaden. Det hjelp ikkje at tal gjester er avgrensa, eller at arrangementet i innbydinga eller i avertissement er omtala som slutta selskap. Vanlege medlemsmøter i ei foreining vil ikkje oppfylle lova sitt krav til slutta selskap.

I følgje lova vil eit slutta lag vere avhengig av korleis ein inviterer til selskapet. Ein person kan for eksempel invitere venner til eit selskap i slutta lag, men viss vennene igjen inviterer andre med seg til selskapet (venners venners selskap) blir det ikkje å rekna som slutta lag.

Det skal peikast ut ein styrar som er ansvarleg for løyvet jf. 1-7c første ledd. Det er ikkje krav om bestått kunnskapsprøve. Det er ikkje krav om at det skal hentast inn uttale frå politiet og NAV før løyve vert gitt.

3.9. Definisjon på " offentlege» samfunns- og ungdomshus" Lokale der det er forbode å drikke eller servere alkohol utan løyve.

- Ålment tilgjengelege lokale som er eigd eller leigd, eller vert drive av private eller offentlege organ og der ålmenta vanlegvis har tilgang f.eks rådhus samfunnshus, teater, kino, utstillingslokale, danselokale, spelehallar, forretningslokale.
- Forsamlingslokale og andre felleslokale som er eigd eller vert drive av private organisasjonar, verksemdar, foreningar o.l. Lokala er offentlege sjølv om dei kun er rekna med til eige bruk og sjølv om dei til vanleg berre er tilgjengelege for medlemmar eller andre tilknytta personar.
- Ålment tilgjengelege tilstelningar. Alle typar tilstelningar som er opne for ålmenta, uavhengig av kor desse finn stad, f.eks konsertar, festivalar, opne messer og tivoli.

3.10. Inndraging

Kommunen har rett til inndraging av løyve ved følgjande brot på alkohollova/kommunale retningslinjer:

- Skjenking utover skjenketid
- Skjenking til rusa personar
- Skjenking av mindreårige
- Narkotikamisbruk
- Ikkje levert omsetjingstal i rett tid
- Ikkje betalt løyveavgift i rett tid
- Andre vesentlege brot på alkohollova

3.11. Sanksjonsreglement

- Prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkoholovgjevinga, andre relevante lover og kommunale retningslinjer for alkoholomsetnaden:
- Dersom alkoholkontrollørane etter kontroll meiner å påvise brot på

alkohollova/kommunale retningslinjer ved sals eller skjenkestad, skal kontrollørane skrive utfyllande, detaljert rapport til kommunen.

- Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals eller skjenkestade og ber om merknader og/eller kallar inn til samtale for å klargjere dei faktiske tilhøva. I samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjere greie for korleis dei vil syte for at eventuelle brot på alkoholloven/ kommunale retningslinjer ikkje skal skje i framtida.
- Dersom det er påvist klare lov- eller regelbrot, skal administrasjonen ved fyrste gongs tilfelle sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda. Formannskapet skal bli orientert om saka.
- Dersom det er påvist klare lov- eller regelbrot trass i tidlegare åtvaring, skal det fremjast sak om inndraging av sals og skjenkeløyvet for Formannskapet.
- Dersom lov- eller regelbrotet etter administrasjonen si vurdering er av særskilt alvorleg karakter, skal det fremjast sak til Formannskapet om inndraging av sals eller skjenkeløyvet middelbart. Ved lov- eller regelbrot av alvorleg karakter, har administrasjonen fullmakt til å trekke sals eller skjenkeløyvet attende, med verknad straks fram til Formannskapet har fått saka til handsaming.

3.12. Sal- og skjenketider for Luster (jf. alkohollova § 3-7)

Salstider:

Eiga forskrift for Luster kommune - i verksett 04.10.2012.

- På vanlege kvardagar mellom kl. 09.00 og kl. 20.00
- På dagar før søndag- og helgedagar mellom kl. 09.00 og kl. 18.00

Skjenketider:

Luster kommune har utvida skjenketider - eiga forskrift - sett i kraft 04.10.2012.

- Skjenking av brennevin skal vere avslutta kl. 01.00
- Skjenking av vin og øl innandørs skal vere avslutta kl. 01.30
- Skjenking av vin, øl og brennevin utandørs skal vere avslutta kl. 23.00, men formannskapet har fullmakt til å tillate felles skjenketid ute og inne der det ligg til rette for det.
Det må vere ei restriktiv handsaming av søknadene som kjem inn.
Kvar søknad skal handsamast individuelt.

I sak nr.198/08 valde formannskapet å vurdere søknader ut frå fylgjande kriterium dersom skjenkeverksemdar søker om utvida skjenketid på sitt utandørs område:

1. Sjenanse i høve til naboar. Her vert avstand og lyd vektlagd.
2. Direkte innsyn frå trafikkareal eller område der folk ofte ferdast.

3.13. Kontroll.

Nye krav frå 01.01.2016 til kontrollørar og kontroll av skjenkestader.

Kommunen har med heimel i alkohollova ansvar for kontroll med utøving av kommunalt Skjenkeløyve. I følgje kommunen sitt delegasjonsreglement er Formannskapet kommunalt kontrollutval. Kontroll av sals og skjenkestader blir gjennomførde av innleigde kontrollørar.

Det er frå 01.01.2016 innført strengare krav til kommunane sin reaksjon ved brot på alkohollova, og auka krav til kommunen sin kontroll med løyva. Til saman skal desse endringane sikre eit tryggare uteliv.

Det blir stilt krav om at kontrollørar må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og forskriftene. I tillegg er det innført krav om at kontrollar skal gjennomførast med minst 2 kontrollørar ved kontroll av skjenkestader.

Alkoholforskriftene kapittel 9 – Kontroll med sals- og skjenkeløyve.

3.14. Gebyr.

Auka gebyr for sal og skjenking.

Gebyra er auka med 5% fordi skjenkekontrollane skal utførast med to kontrollørar.

Alkoholforskrifta § 6-2

3.15. Prikktildelingsystem.

Nye reglar om prikktildeling tredde i kraft 01.01.2016, og kommunen vil vere plikta til å tildele sals- og skjenkestader eit bestemt tal prikkar ved regelbrot. 12 tildelte prikkar i løpet av to år vil føre til standardreaksjon på inndraging av løyvet i ei veke.

Jf. Alkoholforskriftene kapittel 10 - Inndraging av sals- og skjenkeløyve.

3.16. Enklare regelverk for fornying av sals- og skjenkeløyve.

Kommunen kan no avgjere at gjeldande sals- og skjenkeløyve skal gjelde vidare, utan at det er naudsynt for løyvehavar å søke om fornying for dei neste 4 åra. I staden for krav om fornying, kan kommunen endre eller fastsetje nye retningslinjer og vilkår for løyve i same utstrekning som ved handsaming av nye løyve.

Ein føresetnad for å fatte vedtak er at kommunen har føreteke ein gjennomgang av alkoholpolitikken etter kommunevalet. for eks. i samband med revidering av Ruspolitisk handlingsplan jf. Alkohollova § 1-6 – nytt 3dje og 4de ledd.

4. Rusfeltet i Luster kommune vidare framover. (2015 – 2019.)

Lokale målsetjingar

Hovudmålet

Hovudmål for Luster kommune sin ruspolitikk er å redusera dei samla rusmiddelskadane og den belastning alle typar rusmisbruk fører med seg.

Ein skal ha særskilt fokus på førebyggjande arbeid retta mot ungdom.

Delmålet

- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid.
- Ansvarleggjering av foreldre/føresette som den viktigaste aktør i rusførebyggjande arbeid.
- Heve den gjennomsnittlege debutalder for alkohol.
- Ingen foreldre/føresette gjev alkohol til barn og unge under 18 år.
- Motverke narkotikabruk og dopingbruk, eksperimentering og rekruttering, særleg blant barn og unge under 18 år.
- Motverke alkoholmisbruk.
- Ta i bruk Ungdata som verktøy for å få best mogleg faktagrunnlag og med det meir målretta førebyggjande arbeid.
- Drive godt førebyggjande arbeid frå barnehage til og med vidaregåande skule .
- Arbeide aktivt for gode informasjons- og handlingsprogram.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av den einskilde rusmisbrukar.
- Individuelt tilpassa tenester som inkluderer alle og inneheld førebygging, hindre rekruttering, behandling og rehabilitering.
- Oppfølging som består av samtalar, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar (råd, rettleiing og hjelp), koordinering og samarbeid med eksterne instansar.

Tiltak for å nå måla:

Førebyggjande tiltak

Oppfølging og rehabilitering av misbrukarar

Reglar for sal og skjenking av alkohol

4.1. Tiltak førebygging.

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
Ungdomstinnings- Motivasjon og meistring for betre læring.	Skule	Auka motivasjon og meistring i ungdomsskulen. Redusere fråfall i vidaregåande skule.	Tiltak 2013-2017
Pals	Rektor Skule	Tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, føre- bygge problemutvikling og meistre åtferdsproblem.	Tiltak på Hafslo ungd.skule.
Oleweus programmet	Rektor Skule	Haldningsskapande arbeid mot mobbing og dårleg sosial åtferd. Arbeid for auka kompetanse.	10% stilling utlyst
Foreldremøte i løpet av ungdomsskule- tida	Rektor Skule	Informasjon om rus og rusførebygging.	
Ungdomskontakt/ Luster Danseverkstad	barn/unge ungdoms- kontakt	Skape lågterskel aktivitets- nivå. Legge til rette for drift av Luster Danseverkstad. Instruktørar - gode forbilde for elevane.	50% stilling. Hundrevis av danseglade born.
M'EN'U	Ungdoms- kontakt, Lag/org, Ungdom	Aktivitetsklubb for unge 13 - 18 år i kommunen. Sosial rusfri møteplass, samt fysiske aktivitetar ski, idrett, dans. Førebygge god helse hjá ungdom.	
FriMoro	Ungdoms- kontakt,	Friluftsdagar for barn, to dagar med friluftaktivitetar 4-7 klasse.	Også i ferien i 2016
Gymsalen ved Ungdomsskulen. Bedehuset	Lag/org	Aktivitetar for ungdom	
Nattuglene	Ungdoms- kontakt, Politi	Foreldre og frivillige vaksne er ute i gatebilde. Spelar sentral rolle i rus og førebyggjande arbeid.	Støtte av kommunar og bankar. Bra rekruttering.
Blås Grønt	Ungd. Politi	Natt til 17. mai. Ungdom som bles grønt vert trekt ut premiar.	Også i 2016
Transport for ungd. mellom 13 - 19 år i Luster kommune	Kom/fylke	Fylkeskommunen løyver pengar. Ungd.komm. organiserer tilbodet.	Løyvd pengar i år og.
Frivillige organisasjonar	org.	Viktig arbeid lokal- samfunnet gjer t.d. idrettslag, Røde Kors, Korpsa, 4H.	
Andre aktivitets- tilbod for barn og unge		Kulturskule, Sogn Ski- senter, Lustrabadet, nærmiljøanlegg lokalt.	
Fritidsklubbar	kom/org	Hafslo, Jostedal, Gaupne. Partsavtale med Luster kommune.	Hafslo frå hausten att. (Ny skule)

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
Friskhuset	Kommunen, Lag, org.	Prosjektarbeid – tiltak for førebyggende helsearbeid. Nytt dagsenter, trenings- senter, ny organisering av Frivillingsentralen.	Under arbeid Sak til KOM.
Psykisk helsevern	Kom. psykolog	Kommunepsykolog. Styrking av tilbud til menneske med psykiske problem.	Statstilskot til delfinansiering
Helsestasjonen	helsesøster	Førebyggjande og helse- fremjande arbeid både fysisk og psykisk frå 0 år til 10 klasse.	Ynskje om betre tverrfagleg koordinering.
Helsestasjon for Ungdom «Open dør»	helsesøster	Ungd. 16-20 år i Luster. Rus er tema etter behov.	

4.2. Interkommunalt/Tverrfagleg.

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
Frisklivsentralen Sogn		Interkom. kompetanse- senter på livsstilsending for Leikanger, Luster, Sogndal. Kurs- og aktivitetstilbod. Individuelle tilbod til pers. som har behov for hjelp til å endre helseåtferd.	Drift fordelt i samsvar med avtale. Fleire tilbod er under planlegging.
Regionalt nettverk for Ungdoms- arbeidarar		Samarbeidsgruppe - kommunane i Sogn. Erfaringsutveksling, Kompetanseheving blant ungdomsarbeidarar.	
SLT Politiråd/ Folkehelseråd	SLT folkehelse koordinator	Luster, Leikanger, Sogndal. Samordning. Få meir ut av tiltak – Rådgjeving, støtte og utfylle kvarandre. Kriminalitetsførebyggjande arbeid: Fokus: Barn, unge.	Fungerer etter intensjonen
Samarbeidspartar	Skule	Samarbeid mellom skule, PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen, og BUP, samt tverrfagleg team, helse, sosial, psyk. helse.	Felles PP teneste Luster, Sogndal, Vik. Leikanger. Aurland frå aug.16
Familieforum		Samarbeidsmøte på systemnivå. Møteplass/ Samhandling for faggrupper Målgruppe: Barn, unge, familie.	
Samhandlingsgruppe Gruppe/Koord.eining (SG/KE)		Organ for samhandl. Koordinering, rådgjeving. Fast sak, status og trong, og plan for IP.	
HSP møter		Rettleiande/rådgjevande gruppe for skule og barneh. Skal kunne rådspørje faggrupper.	
Foreldresamarbeid	politi	Foreldresamarbeid- tverr- fagleg samarbeid med skule i høve til førebygging	
Sogn barnevern		Av og til saker der foreldre har rusproblem.	Interkom.
OT – tenesta	VGS/skule NAV/helse/PPT	Und. som ikkje søker skule læreplass eller sluttar i løpet av opplæringstida.	
Ungdata	Skule, Folkeh.k. KO.rus	Datamateriell blir lagt i nasjonal base. Samanlikne eigne resultat med andre kommunar. Indikator for folkehelseprofilane for kommunane.	Spørjeundersøking frå 2016.
Politiet si Ungdoms- undersøking. Gransking for ungd.	Politi, ungdsk. høgsk.	Kartlegging korleis ungdom i bygdene svarar på spørsmål. Samt samanlikne	Gjennomført i 2015 – Neste Haust 2017

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
skular/vidaregåande.		med andre kommunar.	
Handlingsplan for Voldsutsatte kvinner og barn	interkom	Tilbod til utsette for vold/rus for begge kjønn, samt seksuell vold.	Luster har sett av kr 400.000 i 2016.

4.3. Behandling/Oppfølging

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
Psy.helseteam/ Ruskonsulent	komm.	Individuell oppfølging. Samtaler, intervju. råd, retteiing, behandling.	
Erfaringskonsulent	kom	Måretta får å få folk ut i jobb og aktivitetar – Styrking av rusarbeidet – Betre livskvalitet.	Prosjekt. 80% stilling.
NAV	NAV	Samarbeider for å få folk tilbake i jobb/arbeids- praksis. Deltak på dialog- møter. Intektssikring, øk. Stønad til livsopphold.	
Helsestasjonen	helsesøster	Samarbeider med rus- konsulenten, NAV, fastlege i familiar med rusproblem.	
Bustadsosial Handlingsplan	folkeh. koord.	Bustad til grupper som har vanskar med å skaffe eigen Bustad og behalde den.	2016 – 2019. Arb. med opp- Fylging.
Housing first.		Modell for valfridom, brukarmedverknad til type bustad og oppfølging.	Blir jobba for å innføre modellen
Huset, (Nesgården) Samt Bruvoll	Psyk.helseteam	Møteplass for sosialt samvær og aktivitet – lågterskeltilbod. Fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør.	
Bekymringssamtale	politi	Tiltak retta mot ungdom 12 – 18 år. Bryte ei negativ utvikling i høve rus og/eller kriminalitet.	
Ungdomskontrakt	politi	Tilbod til unge som har begått straffbare handlingar. Alternativ straff. (15–18 år)	

4.4. Reglar for sal og skjenking av alkohol.

Tiltak	Ansvar	Føremål	Status
Skjerpa regelverk Prikkbelastning for verksemdene	skj.ktr. og leiar for servicetorg	Ferre brot på alkoholova og forskriftene	Frå 01.01.16
Krav til sals og Skjenkekontrollen	skj.ktr.	Pålagd kunnskapsprøve for kontrollør, og krav på 2 kontrollørar ved skjenke- Kontrollar. Hindre overskjenking og Skjenking til mindreårige	Frå 01.01.16
Komm. avgift for sal/skjenking	servicetorget	Auka gebyr fordi skjenke- kontrollen skal utførast med to kontrollørar.	Frå 01.01.16.
Endra regelverk for Fornyng av sals- og skjenkeløyve	servicetorget	Verksemdene som har generelt sals- og skjenkeløyve, får løyve for 4. nye år utan å søke. For å sikre at vilkår for sals- og skjenkeløyve er oppfylt, skal kommunen gjennomføre løpande (minst ein gong pr. år) vandelskontroll av løyvehavar og andre sentrale personar i verksemda. Kommunen skal dra inn løyve dersom vandelskrava ikkje lengre er oppfylt.	2016 – 2020.

Kjelder

- Norge. Lov av 2. juni 1989 nr. 27, siste endra 18.12.2015, i kraft 01.01.2016 - om omsetning av alkoholhaldig drikk.
- Forskrift 01. juli 2005, sist endra 14.01.2016 – Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk.
- Forskrift i kraft 04.10.2012.om sals- og skjenketider for Luster kommune
- Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Luster kommune for perioden 2015 – 2019.
- Sosial og helsedirektoratet avd. rus. Web. www.helsedir.no
- Norsk folkehelseinstitutt – Folkehelseprofil
- Web. www.kommunetorget.no